



Rovviltnemnda region 7 v/Fylkesmannen i Nordland  
Postboks 1405  
8002 Bodø

Trondheim, 21.02.2019

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2019/3573

Sakshandsamar:  
Anders Braa

## **Planleggingsramme for regionale rovviltnemnder 2019 – Førebyggjande og konfliktdempande tiltak (FKT) og drift**

Miljødirektoratet sender med dette ut planleggingsramme for dei regionale rovviltnemndene for 2019. Midlane vert tildelte for å dekkje arbeidet til rovviltnemndene med førebyggjande tiltak mot rovviltskadar og konfliktdempande tiltak, samt utgifter til drift av nemndene og sekretariata. Vi ber om tilbakemelding frå sekretariata om fordeling av midlane innan 1. april 2019.

Midlane for 2019 er løyvt på kapittel 1420, post 21 og 73, jf. Prop. 1 S (2018-2019).

### **Tilskot til rovvilttiltak - Kap 1420.73**

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbrukseigedommen. Ei ny føresegn for slike tiltak vart sett i verk i 2015.

Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010-2011)).

### *Kriterium for måloppnåing*

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikhtar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikhtar.

### *Tildelingskriterium*

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013, mens føresegna som omhandlar omstillingstiltak vart fastsett i 2015. Det er utarbeidd ei eiga nettside for blant anna å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdempande tiltaka meir tilgjengeleg for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber blant anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til naudsynte driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltingsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdempande tiltak normalt prioriterast slik at det blir fokusert på besetningar som ikkje medverkar til auka tal på beitedyr i rovviltprioriterte område. På same måte skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt. I 2018 vart det fastsett satsar for heimebeite med sau i beitesesongen og for tidlegare sanking.

### *Sakshandsaming*

Fordelinga av midlane mellom regionane byggjer på historikken frå dei einskilde fylka/regionar dei føregåande åra, fordeling av dei nasjonale bestandsmåla på den einskilde regionen, og ein skjønsvurdering baserte på rapportar og skadehistorikk i den einskilde regionen.

Den einskilde rovviltnemnd skal med utgangspunkt i planleggingsramma fordele midlar til ulike tiltakstypar, og fordele mellom fylke der regionen omfattar fleire fylke. Midlane kan ikkje nyttast til andre formål enn det som fell inn under framstillinga av budsjettkapittelet og -posten. Den einskilde fylkesmann vil ta i mot søknader, vere rekneskapsførande eining, og fordele midlar innanfor den ramma nemnda avset for vedkomande tiltak og fylke.

Nemnda bør setta av ein reserve for akutte tiltak i dei einskilde fylka, og må sjølv avgjere korleis denne skal disponerast. Miljødirektoratet har, etter ynskje frå fylkesmennene, likevel valt å behalde nokre akuttmidlar sentralt for spesielle høve. Fylkesmennene bes om å melde slike behov skriftleg med ref 2019/3573.

Miljødirektoratet vil minne om at nemndene i planlegginga si må ta høgd for kostnader tilknytt ordning med godtgjering ved fellingsforsøk utført av kommunale/interkommunale fellingslag. Refusjonskrav frå kommunane må dekkjast av nemndene innanfor dei tildelte rammene av kap. 1420 post 73. Miljødirektoratet har ikkje halde tilbake midlar til dette formålet.

Fylkesmennene som tek imot midlar frå Miljødirektoratet kan ikkje overføre midlar seg imellom utan at ei slik overføring er gitt skriftleg aksept frå Miljødirektoratet. Den einskilde fylkesmann behandlar og tildeler midlar til brukarar innan fylket sitt. Sekretariatet til rovviltnemnda skal ikkje behandle saker på vegner av alle fylkesmenn i regionen.

For alle søknader skal behandlinga verte dokumentert i søknadssenteret til direktoratet. Denne løysinga skal nyttast for heile landet ved søknad om og rapportering av brukte midlar, og løysinga er obligatorisk for alle søkjarar. Dette vil også gi nemndene og fylkesmennene betre høve til å sikre lik handtering og gjensidig utnytting av erfaringar frå gjennomførte tiltak, samt innsyn i alle prosjekt.

Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til å utføre tilskotsutbetalingar utan utlysing. På tilskotspostar skal det berre verte belasta tilskot, og eventuell tilbakeføring av tilskotsmidlar kan dermed ikkje brukast til tenestekjøp eller lønn/reise/drift. Forvaltning av Miljødirektoratets tilskotsmidlar er innanfor dei faste oppgåvene for fylkesmannsembeta og skal dekkjast over kap. 525. Det er derfor ikkje høve til å berekne overhead/administrative utgifter av tilskotsmidlar. Eventuelle restmidlar på kap. 1420 post 73 skal bli rapportert til Miljødirektoratet for eventuell tilbaketrekking. Det er ikkje høve til å nytte restmidlar til andre formål eller til anna enn tilskot.

Samla løyving til formålet er på 80,426 mill. kroner i 2019. Av ramma vert det gjeve ei fordeling på 64 mill. kroner til rovviltnemndene. Midlar til omstilling blir fordelt av Miljødirektoratet. For 2019 er det avsett 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

*Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak og Forskrift om tilskudd til driftsomstilling grunnet rovvilt finst tilgjengeleg på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no).*

#### **Tenestekjøp - Kap. 1420.21**

Midlar til tenestekjøp og forskingsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltnemndene vert tildelte over kap. 1420 post 21. Dette kan for eksempel vere forskings- og utgreiingsoppgåver som bidrar til utvikling og iverksetjing av effektive førebyggjande tiltak, eller evaluering av effektar av igangsette tiltak.

Vi gjer merksam på at kap. 1420 post 21 er ein driftspost og at det på denne posten berre skal belastast utgifter til tenestekjøp, lønn, reiser og anna drift. Midlane kan dermed ikkje brukast til utbetaling av tilskot. Rovviltnemndene vert tildelte ei ramme på 6,45 mill. kroner til slike utgifter i 2019.

#### **Drift av nemnder og sekretariat - Kap 1420.21**

Midlar til å dekkje møtegodtgjersle og reiser til nemnda, og drift av sekretariatet, vil bli tildelte over kap. 1420 post 21. Totalt er det sett av 8 mill. kroner til rovviltnemndene i 2019.

Miljødirektoratet har tildelt 2,5 mill. kroner til vidareføring av auka kapasitet ved enkelte sekretariat/fylkesmannsembete i supplerande tildelingsbrev 1-2019 frå KMD ("Drift rovvilt"). Dette er knytt til særlege utfordringar i einskilde fylke. Det er sett av lønnsmidlar til Fylkesmannen i Oslo

og Viken (500 000,-), Fylkesmannen i Innlandet (750 000,-), Fylkesmannen i Trøndelag (500 000,-) og Fylkesmannen i Troms og Finnmark (750 000,-).

Midlar til drift av nemnder og sekretariat er vidare fordelte mellom regionar basert på erfaringar frå tidlegare, tenkt møtefrekvens, reiseavstandar, og forventna kostnad til sekretariatet. Nemndene må kontrollere at dei avsette rammene ikkje blir overskridne. Det einsskilte sekretariatet vil vere rekneskapsførande eining for desse midlane. Det er nemnda som set av midlar til drift av sekretariatet.

I tråd med rovviltforliket i 2011, (Representantforslag 163 S (2010-2011)), er det ønskeleg å sikre ei rask og effektiv handtering av spørsmål knytte til den daglege forvaltinga av rovvilt, medrekna svar på søknader om fellingsløyve på rovdyr, aktuelle førebyggjande tiltak osv. Direktoratet vurderer det derfor som formålstenleg at rovviltnemndene drøfter behov for å sikre vaktordningar hos fylkesmennene som kan vareta dette omsynet.

#### **Tildelt ramme for 2019 - Kap. 1420.73 og 1420.21**

Tildelt ramme til nemndene har auka for 2019. Totalt er post 73 auka med 10,375 mill. kroner til generell styrking av arbeidet med forebyggjande og konfliktdempande tiltak, med særleg merksemd på arbeid for å finne langsiktige løysingar i kroniske tapsområde slik som Nord-Østerdalen aust for Glomma i Hedmark. Noko av midlane skal gå til såkalla radiobjøller på sau.

Med bakgrunn i dette, samt dialog med fylkesmennene, har direktoratet fordelt tildelt ramme mellom regionane. Regionar med konkrete planar for langsiktige løysingar i kroniske tapsområde, som går utover tildelt ramme, bes om å melde dette til direktoratet innan 1. april 2019.

Når det gjeld drift av nemnder og sekretariat, er det lagt inn ein liten auke i alle regionar.

Region	Tilskot Kap. 1420.73	Tenestekjøp Kap. 1420.21	Drift av nemnder/ sekretariat Kap 1420.21
1	750 000	350 000	475 000
2	2 750 000	350 000	475 000
3	5 500 000	350 000	550 000
4	4 500 000	600 000	550 000
5	16 000 000	1 000 000	675 000
6	13 000 000	1 000 000	825 000
7	8 000 000	1 000 000	825 000
8	13 500 000	1 800 000	1 125 000
<b>SUM</b>	<b>64 000 000</b>	<b>6 450 000</b>	<b>5 500 000</b>

Vi ber sekretariata informere oss om fordelinga av midlane innan eigen region innan 1. april 2019. Tilbakemeldinga skal sendast til [postmottak@miljodir.no](mailto:postmottak@miljodir.no) og merkast ref 2019/3573.

Midlane vil bli tildelt den einsskilte Fylkesmannen i supplerande tildelingsbrev frå Miljødirektoratet i løpet av april.

## **Anna informasjon frå Miljødirektoratet**

### *Tiltak i kommunar med ulverevir*

I 2017 blei det sett av 20 millionar til ei ny stønadsordning til næringsutvikling, tenestetilbod og andre tiltak for kommunar med ulverevir. Denne tilskotsordninga blei vidareført i 2018 og 2019, og det er sett av 20,56 millionar kr på kap. 1420 post 65 i 2019. Ordninga gjeld for kommunar i fylka Hedmark, Akershus og Østfold som har eitt eller fleire ulverevir, og formålet med tilskotsordninga er å bidra til konfliktdemping i kommunar med ulverevir. Miljødirektoratet har lagt til rette for at kommunar som ønsker midlar kan levere søknad i Elektronisk søknadssenter. Pengane vil bli fordelte likt mellom kommunane som har ulverevir, basert på Rovdatas informasjon om revir i endeleg bestandsrapport som blir presentert 1. juni kvart år. Regelverk for tilskotsordninga er fastsett av Klima og miljødepartementet og kan lesast her

<https://www.regjeringen.no/contentassets/4488a9c022ee48009a9de92d8cd945a4/20170627-tilskudd-ulv--l419867.pdf>

Søknadsfristen for tilskot i 2019 er 15. juni 2019. Søknadar og rapportar finnes tilgjengeleg på innsynsløysinga i Elektronisk søknadssenter;

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Innsyn/Default.aspx>

Når kommunane tildeler midlar vidare til konkrete tiltak i kommunen, skal fylkesmannen få kopi, for å ha oversyn over igangsette tiltak.

### *Om satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite*

Miljødirektoratet har i 2018 fastsett felles nasjonale satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite, jf *Forskrift om tilskudd til forebyggjende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak* § 10; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-01-01-3?q=forebyggende%20og%20konfliktdempende>.

### *Standard rovdyravvisande gjerde*

Miljødirektoratet fastsette ny standard for rovdyravvisande gjerde 25. juni 2018. Denne er tidlegare sendt ut til fylkesmennene, og ligg tilgjengeleg på FM-nett; <https://www.fm-nett.no/Miljodirektoratet/Nyheter/Ny-standard-for-rovdyravvisende-gjerde/?id=10030&epslanguage=no>

### *Kursopplegg for administrativ beredskap i kommunane*

Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) har på oppdrag frå Miljødirektoratet utvikla eit kursopplegg for administrativ beredskap i kommunane for å kunne handtere situasjonar med rovviltskadar på beitedyr. Kursopplegget er utvikla i samarbeid med Jakt- og Fiskesenteret i Flå og Statens naturoppsyn, og prøvd ut gjennom to pilotar våren 2018.

Dette er ei oppfølging etter sommaren 2017, da ein såg utfordringar ved kommunal beredskap for handtering av større skadesituasjonar på beitedyr grunna rovvilt. Dette vart særleg knytt til kommunar med lita erfaring med rovvilt.

Fokus vil blant anna vere på utarbeiding av planar og innsats på administrativt nivå i kommunane. Kurset er i første rekke utvikla for dei som sit på det administrative ansvaret i kommunen. Men vi anbefaler også fellingsleder å delta sidan dei ofte er næraste samarbeidspartnar og rådgjevar til kommunen i mange av disse tilfella. Kurset gjer dei involverte kjent med oppgåve- og ansvarsfordeling i slike situasjonar, og nødvendige førebuingar.

Kursopplegget er nå ferdig og tilbydast kommunar i heile Norge. Kursa haldast som dagsseminar ute i dei fylka som ønsker det.

Vi ber fylkesmennene om å følgje opp dette med aktuelle kommunar. Ta kontakt med Eivind Lurås på Jakt og Fiskesenteret for nærmare avtale om kurs ([el@jaktogfiskesenteret.no](mailto:el@jaktogfiskesenteret.no), tlf 99614616). Det kan gjennomførast eit avgrensa tal kurs før beitesesongen tar til. Sjølve kurset er kostnadsfritt for kommunane (dagsseminar inkl. lunsj), da kostnadene dekkes av en avtale med Miljødirektoratet.

#### *Revisjon av tilskotsforvaltinga til fylkesmennene*

Miljødirektoratet minner om gjennomført revisjon av tilskotsforvaltinga til fylkesmennene bl.a. innanfor ordninga "Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak", for budsjettåret 2016. Målet for revisjonen har vore å kontrollere om tilskotsforvaltinga til fylkesmannen etterlever krav i regelverk for økonomistyring i staten og regelverk/føring for tilskotsordninga. Seks fylkesmenn er reviderte. Funna som er skildra i revisjonsrapporten er:

- Elektronisk søknadssenter (ESS) er utfordrande å bruke på denne ordninga då det er vanskeleg for søkjar og saksbehandlar hos Fylkesmannen å kategorisere søknadene innanfor førebyggjande eller konfliktdempande tiltak
- Det er utfordrande for tilskotsmottakar å rapportere i ESS
- Ubrukte budsjettmidlar blir disponerte ulikt mellom embeta, bl.a. har eitt embete brukt ubrukke tilskotsmidlar til innkjøp av utstyr
- Krav til innhald i tilskotsbrev blir ikkje etterlevt
- Utgifter til drift, som for eksempel møtekostnader og reiseutgifter, belastast tilskotsposten
- Tilskot blir forskotsbetalt utan dokumentasjon på at det er nødvendig for gjennomføring
- Restmidlar blir utbetalt utan stadfesting på at tiltak er sett i gang

Miljødirektoratet vil be om at fylkesmennene set seg inn i funna frå revisjonen. Det er ansvaret til fylkesmennene å sjå til etterleving av Bestemmelser om økonomistyring i staten kap. 6 "Forvaltning av tilskotsordningar", føringar i dei einskilte tilskotsregelverk og føringar gjevne i supplerande tildelingsbrev. Når det gjeld utfordringane i ESS, er dette noko Miljødirektoratet ser nærmare på.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Ivar Myklebust  
avdelingsdirektør

Knut Morten Vangen  
seksjonsleder

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Kopi til:

Fylkesmannen i Troms og Finnmark / Romssa ja Finnmárkku fylkkamánni	Statens hus	9815	Vadsø
Fylkesmannen i Nordland	Postboks 1405	8002	Bodø
Fylkesmannen i Trøndelag / Trööndelagen fylhkenålma	Postboks 2600	7734	Steinkjer
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	Tønsberg
Fylkesmannen i Oslo og Viken	Postboks 325	1502	MOSS
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO